

## PROTOKOLL FRÅ IDRETTSKRETSSTYREMØTE 04/25

Styremøtet 04/25 blei gjennomført fredag 21. Mars i Sogndal. Møtet starta kl 16:00 og vart avslutta 18:00. Styremøtet fortsatte 22. Mars frå 10:30-11:30.

Namn	Tilstades	Forfall	Merknad
Nils R. Sandal, styreleiar	x		
Tone Stavland, nestleiar	x		
Jan-Erik Weinbach, styremedlem	x		
Anne-Grethe Naustdal, styremedlem	x		
Jeanette Heggen, styremedlem	x		
Heidi Hatlen, styremedlem	x		
Magnus H. Hartwig, styremedlem	x		
Natalia Golis, varamedlem		x	
Lasse Lerum, varamedlem	x		
Randi Marie Farnes, organisasjonssjef	x		
Ole Nilsen, økonomikonsulent	x		Var med til og med sak 16/25
Erling Benjaminson, økonomikonsulent	x		Var med til og med sak 17/25
Ronny Lockert, Anleggsrådgiver	x		Var med til og med sak 18/25

### Sakliste:

- Sak 13/25: Godkjenning av møteinnkalling og saksliste
- Sak 14/25: Godkjenning av protokoll frå styremøte 03/25
- Sak 15/25: Revidert årsregnskap 2024
- Sak 16/25: Budsjett 2025
- Sak 17/25: Tildeling Ekstrainnsatsmidlar 2025
- Sak 18/25: Høyringsinnspel strategisk viktige anlegg
- Sak 19/25: Representasjon Idrettstinget 2025
- Sak 20/25 Plan for politisk arbeid fram mot stortingsvalet 2025
- Sak 21/25 Sak unntatt offentlighet: Anmodning om påtale til NIFs påtalenemd
- Sak 22/25: Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar

**Sak 13/25: Godkjenning av møteinnkalling og saksliste**

---

Vedtak: **Møteinnkalling og sakliste godkjent**

---

**Sak 14/25: Godkjenning av protokoll fra styremøte 03/25**

Saksunderlag: Utkast til protokoll fra styremøte 03/25

---

Vedtak: **Protokollen frå styremøte 03/25 godkjent**

---

**Sak 15/25: Revidert årsregnskap 2025**

Saksunderlag: Revidert årsregnskap Vestland idrettskrets 2025

Kommentarar:

Idrettskretsen sitt rekneskap er ferdig revidert og viser eit underskot på kr 382.118, som vil bli belasta den frie eigenkapitalen. Samanlikna med budsjettert underskot på kr 625.500 er dette tilfredsstillande. Resultatet er noko dårlegare enn rapportert i styremøtet i februar (kr 247.305), og dette skuldast oppgjør/avsetningar i samband med prosjekt og forhold funne i samband med årsoppgjer og revisjon. Idrettskretsen sin frie eigenkapital vil etter dette utgjere kr 10.948.569.

For Olympiatoppen Vest viser det endelege resultatet eit overskot på kr 100.205, som òg er lågare enn oppgitt i styremøtet i februar (kr 318.602). Årsaka til dette er òg avsetningar knytt til ubrukne bundne tilskotsmidlar og andre forhold funne i samband med årsoppgjer og revisjon. Resultatet blir lagt til OLTV sin frie eigenkapital, som etter dette utgjer kr 4.185.616.

Toppidrettslinjene hadde eit positivt resultat på kr 101.683, som er lagt til deira tilgodehavande i balansen vår. Denne posten viser no at toppidrettslinjene har udisponerte midlar på kr 834.992 i vårt rekneskap.

---

Vedtak: **Styret godkjenner revidert årsregnskap 2025. Revisor sender ut dokumentet for digital signering.**

---

**Sak 16/25:           Budsjett 2025**

Saksunderlag:       Budsjett Vestland idrettskrets 2025

Kommentarar:

Det endelege budsjettet er sett opp med eit underskot på kr 333.000, i tråd med vedteke langtidsbudsjett i kretstinget. Budsjettet viser at vi innanfor rammene skal kunne gjennomføre den planlagde drifta for 2025.

---

Vedtak:               **Styret godkjenner budsjett for 2025.**

---

**Sak 17/25:           Tildeling Ekstrainsatsmidlar 2025**

Saksunderlag:       Utkast til brev til idrettsråd  
Utkast til fordeling blant idrettslag i Vestland med foreslått tildelingsbeløp

Kommentarar:

Kulturdepartementet har tildelt eit ekstratilskot på 100 millionar kroner til NIF og deira arbeid for inkludering av alle barn og ungdom (6-19 år) i idretten. Formålet med tilskotet er å gi alle barn og ungdom mellom 6 – 19 år like moglegheiter til å delta i idrett uavhengig av kvar dei bur og familien sin sosioøkonomiske ressursar.

90 millionar av tildelinga fordelast av idrettsråda i kommunane som er omfatta av ordninga, basert på antal og andel barn i familiar med vedvarande lavinntekt. Desse idrettsråda har mottatt eige brev frå NIF. 11 idrettsråd i Vestland vil samla ha kr. 7.088.981 til fordeling blant idrettslag i desse kommunane.

Dei resterande 10 millionane blir fordelt til idrettslag i dei kommunane som fell utanfor den ordinære fordelinga. Av denne potten vil idrettslag i Vestland samla motta kr. 1.206.368 + renteinntekter frå 2024 kr. 87 692. Totalt kr. 1.294.060.

Administrasjonen har utarbeida eit forslag om korleis desse midlane kan fordelast i Vestland. Forslaget inneber å bygge vidare på den praksis som blei nytta ved dei tidlegare fordelingane. Dette var ei enkel og ubyråkratisk/ ikkje-

søknadsbasert ordning som traff bredt. Ihht til retningslinjer frå NIF vil dei idrettslag som bereknast til å motta under kr. 3000,- ikkje få tildelt midlar. Dette er for å spisse ordninga litt slik at det monar litt for dei idrettslaga som får tildeling.

I SSB-statistikken over andel personar med lavinntekt 0-17 år er det 4 kommunar som ikkje har registrert tal. Tal publiserast ikkje for å unngå å identifisere personar. Dette er Eidfjord, Fedje, Hyllestad og Modalen. Administrasjonen foreslår at desse kommunane ikkje får tildelt midlar. Det vil då vere 28 kommunar og 105 idrettslag som vil inngå i målgruppa for den summen idrettskretsen har til fordeling. Dette tilseier i snitt kr. 12.324,- pr. idrettslag, men varierer frå 3.008,- til 62.646,-.

Forslaget frå administrasjonen er utarbeida med grunnlag i dei same faktorane som KUD har lagt til grunn i fordeling av beløpet til dei idrettsråda som mottar eigne midlar til fordeling. Men vi har tatt utgangspunkt i ny statistikk frå SSB som kom i februar.

Utkast til fordeling i den enkelte kommune sendast til det enkelte idrettsråd, som får to valgmuligheter:

1. Nytte modellen som idrettskretsen har lagt til grunn.
2. Endre modellen slik idrettsrådet måtte ønske.

Tildelinga som idrettsrådet kjem fram til må hensynta forutsetningane frå KUD. VIK vil kvalitetssikre at desse forutsetningane ivaretakast før VIK sender inn eit samla forslag til fordeling til NIF, som står for utbetaling av midlane til det enkelte idrettslag.

---

Vedtak:

**Kriteria for fordelinga er slik:  
Fordeling pr. idrettsråd/kommune er basert på SSB statistikken over %-andel personar med lavinntekt (0-17 år) i den enkelte kommune. Internt i kommunen er fordelinga etter medlemstal 6-19 år i idrettslaget. Idrettslag som matematisk får under 3000,- setjast til 0,-.**

**Tildelt sum til Vestland idrettskrets – kr. 1.294.060 – fordelast i tråd med forslag frå administrasjonen.**

---

Sak 18/25:

**Høyringsinnspel strategisk viktige anlegg**

Saksunderlag:      Nasjonal kartlegging av behov for idrettsanlegg  
                          Innspelsliste anlegg med potensiale for å realiserast innan 5 år  
                          Innspelsliste anlegg med lengre tidsperspektiv

#### Kommentarar:

I forlenging av idrettstinget sitt vedtak om ei nasjonal behovskartlegging av idrettsanlegg, vil Norges idrettsforbund gjennomføre ein ny prosess knytta til kartlegging og prioritering av anlegg av nasjonal og regional betydning. Anleggspolitisk utval i NIF har ansvar for prosessen, og skal levere si innstilling til NIF sin generalsekretær innan 15. oktober 2025. I denne omgang har NIF bestilt ei kartlegging av «Strategisk viktige anlegg». Idrettskretsane har fått frist på å sende inn sine anlegg innan 1. april 2025.

Administrasjonen i Vestland idrettskrets har valgt å samarbeide med Vestland fylkeskommune i denne kartlegginga, og ser dette arbeidet i samanheng med fylket sitt arbeid med ny anleggsplan I prosessen har vi involvert

- 1      Idrettsråd i Vestland
- 2      Kommunane i Vestland
- 3      Særkretser og regionar

Idrettsråd og kommune har blitt bedt om å svare på eit skjema med spørsmål som tar utgangspunkt i innspelsskjema for særforbund og idrettskretsar vi har fått tilsendt frå NIF. Skjema er supplert med spørsmål frå fylkeskommunen. Denne utvida kartlegginga gjer at vi har fått gjennomført ei kartlegging av både strategisk viktige anlegg og anlegg med regional/interkommunal verdi, i ei og same kartlegging. Dette er ressursparande både for VIK, VLFK og dei som skal svare på kartlegginga. Det har kome inn 83 innspel. Nokon av dei er dobbelregistrert av både kommune og idrettsråd.

Administrasjonen har valgt å kategorisere anlegg i

- Ei liste for anlegg som har potensiale for byggestart innan 5 år. Denne lista er igjen delt opp i strategisk viktige anlegg, og anlegg med regional/interkommunal verdi.
- Ei liste for anlegg med lenger tidsperspektiv, denne lista er igjen delt opp i strategisk viktige anlegg, og anlegg med regional/interkommunal verdi.

Desse listene vart presentert for anleggsutvalet som hadde 2 møter kring saka (10.03.25 og 17.03.25)

Anleggsutvalet innstilte på følgande endringar i den opprinnelege lista:

- Innspel frå idrettslag takast ut av lista, då det er idrettsråd og kommunar kartlegginga har gått til.
- Innspel frå særkretsar takast ut av lista, og blir bedt spelt inn via særforbund.
- 2 anlegg som sto på lista for anlegg med realisering innan 5 år vart flytta til lista for anlegg med lengre tidsperspektiv då desse hadde oppgitt realisering mellom 5 og 10 år.
- Dei anlegga som Sogndal idrettsråd har spelt inn per e-post bes spelast inn via skjema slik at vi får riktig data på innspela.
- Fylkeskommunen har komt med innspel om anlegg som bør stå på lista, som ikkje er spelt inn via kommune eller idrettsråd. Desse ynskjer anleggsutvalet at holdast utanfor vårt innspel, ettersom dette er ei kartlegging i idretten.

Styret støttar anleggsutvalet sine forslag til endringar. Vi forutset at kommunar og idrettsråd har gjort sine prioriteringar og fylkeskommunen sine innspel takast difor ikkje med i lista då dette er ei kartlegging i idretten. Det er viktig at særkretsar/regionar blir informert om at dei må spele inn via særforbundlinja.

I prosessen har vi lagt til grunn følgande prinsipp:

- Vi forutset at dei innspela som har kome inn er korrekte.
- Vi gjer ei brei kartlegging og sender over ei større liste til NIF i ulike kategoriar men utan å prioritere anlegg innanfor listene i denne omgang.
- Anlegg som er markert som strategisk viktige vil bli tydeleggjort ovanfor NIF i vårt høyringsinnspel i tråd med bestillinga.

---

Vedtak: **Styret godkjenner anleggsutvalet i Vestland idrettskrets sitt innspel til kartlegging av strategisk viktige anlegg i Vestland. Administrasjonen kan gjere endringar i innspelet i tråd med kommentarane i møtet og sende inn innspel til NIF.**

---

**Sak 19/25: Representasjon Idrettstinget 2025**

Kommentarar: Vestland idrettskrets har 8 delegatar på Idrettstinget 2025. 2 av styremedlemmene har meldt forfall og vi må finne 2 representantar som kan stille på vegne av VIK. Det foreslås å stille med ein kvinneleg representant frå vårt ungdomsutval og ein mannleg representant frå eit idrettsråd på idrettstinget 2025. Ein bør også ha på plass varamedlemmer dersom nokon skulle vere forhindra å delta.

---

Vedtak: **Styret oppnevner Stein Bjørhovde (Stadt idrettsråd) og Ingeborg Wåge Møgster (Ungdomsutvalet Vestland idrettskrets) som delegatar for Vestland idrettskrets. Administrasjonen får fullmakt til å finne 2 vara.**

---

**Sak 20/25: Plan for politisk arbeid fram mot stortingsvalet 2025**

Kommentarar:

Idrettspresidenten planlegg ein turnè rundt om i landet i forbindelse med stortingsvalet. Idrettspresidenten ynskjer at

det skal vere eit opplegg der hennar deltaking bidrar til å sette idrettspolitikkk på dagsorden. Eksempelvis enten ved å møte stortingskandidatar, eller større mediasaker som har potensiale til å gå nasjonalt. NIF ynskjer at besøka skal bidra til å skape blest rundt våre valsaker, gjerne med ei lokal vinkling. Valsakene er anlegg, økonomi som barriere og rammevillkår.

Innspel frå styret:

- Stortingsrepresentatane vi skal påvirke
- Dialogmøte med politikarar har fungert bra
- Inivtere dei som står på 1. plass på listene.
- Fint å kunne vise idrettspresident og storingspolitikarane idretten i distriktet, har tidligare vore i Bergen. Idrettsbygda Sogndal kan vere aktuell? Sandane?
- Anleggspolitikkk
- Økonomi som barriere
- Utfordrande kommuneøkonomi
- Ikkje ta idretten for gitt.
- Kan ein tenke rammevillkår til idretten også utanfor KUD?
- Vise fram grasrota – koble på eit idrettslag

---

Vedtak: **Styret gir styreleiar og organisasjonssjef fullmakt til å lage eit forslag til program i tråd med innspel frå styret.**

---

Sak 21/25: **Sak unntatt offentlighet: Anmodning om påtale til NIFs påtalenemd**

---

Sak 22/25: **Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar**

- Orienteringssaker, skriv og meldingar:
  - Kort status drift
  - Referat IKSU møte 18.02.25
  - HMS
- Deltakingar/representasjon idrettspolitiske arena
  - Styremøte Idrettsklynge Vest 11.02.25. Nils R. Sandal og Randi Marie Farnes deltok.

- Møte Idrettsbyråd Reidar Digranes, Idrettens hus i Bergen 12.02.25. Nils R. Sandal, Randi Marie Farnes deltok.
- Møte mellom Vestlandsidretten v/VIK og OLTV med Vestland fylkeskommune v/fylkesordfører Jon Askeland, fylkesvaraordfører Stian Davies og utvalsleiar Jacob Nødseth på HVL og Idrettens hus i Bergen 17.02.25. Nils R. Sandal og Randi Marie Farnes deltok.
- Møte mellom Krohnsmindealliansen og Vestland fylkeskommune v/ fylkesordfører Jon Askeland, fylkesvaraordfører Stian Davies og utvalsleiar Jacob Nødseth på Idrettens hus i Bergen. 17.02.25. Nils R. Sandal, Randi Marie Farnes, Ronny Lockert og Ole Nilsen deltok.
- IKSU møte 18.02.25. Nils R. Sandal og Randi Marie Farnes deltok.
- Vektløfting NM 1-2. mars i Bergen. Nils R. Sandal og Magnus Hartwig deltok.

Randi Marie Berntsen Farnes  
Organisasjonssjef